

Oppdrag 1: Barns beste vurdering

Dette oppdraget handlar om å gi innspel til ei barns beste vurdering.

FNs Barnekonvensjon seier:

Artikkel 3 første ledd:

«Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.»

Tilbodet i barnehage og skule, og eventuelle endringar av dette, er noko som i høg grad vedkjem barn og unge. Derfor skal det, som del av prosjektet framtidig organisering av oppvekst, bli gjennomført ei barns beste vurdering.

Me ber om innspel frå partane på følgjande område:

Barns beste vurdering:

Føresette og tilsette i barnehage svarar for barnehage.

Elevråd, føresette og tilsette i skule svarar for skule.

1. Kva **positive konsekvensar** kan det ha for barna sitt tilbod, *om me beheld* barnehage- og skulestrukturen slik den er i dag?
2. Kva **negative konsekvensar** kan det ha for barna sitt tilbod, *om me beheld* barnehage- og skulestrukturen slik den er i dag?
3. Kva **positive konsekvensar** kan det ha for barna sitt tilbod, *om me endrar* barnehage- og skulestrukturen, ut frå slik den er i dag?
4. Kva **negative konsekvensar** kan det har for barna sitt tilbod, *om me endrar* barnehage- og skulestrukturen, ut frå slik den er i dag?

Oppdrag 2: Framtidsbilete

Dette oppdraget handlar om å sei noko om korleis de ønskjer det skal vere, når tilbodet i barnehagen og skulen er optimalt. Me kallar dette å laga eit framtidsbilete.

Kommunestyret har bedt om ei utgreiing på følgjande område:

- Kvalitet
- Ressursutnytting
- Kompetanse
- Læringsmiljø
- Utvikling

Framtidsbiletet skal gi ei beskriving av ønska tilbod/praksis på kvart av desse områda:

Framtidsbilete kvalitet:

Slik definerer prosjektmandatet kvalitet:

- Evne (kapasitet og kompetanse) til å tilby og oppretthalde eit miljø og gi eit tilbod som fremjar alle barn og unge sin trivsel, læring og utvikling. I dette ligg også kapasitet og kompetanse til å hjelpe alle barn/unge med det dei treng, når dei treng det. (Tidleg innsats.)
- Ein må sjå barnehagar, skular og SFO som ein viktig del av barns nærmiljø, og kva effekt ei endring av organisering kan ha for kvaliteten på nærmiljøet til dei barna som har barnehagar og skular i sitt buområde.

Kva ønskjer de skal kjenneteikna tilbodet i barnehagen/skulen på området kvalitet?

Framtidsbilete ressursutnytting

Slik definerer prosjektmandatet ressursutnytting:

- Tal barn barnehagane og skulane har plass til, og som gir eit fysisk trygt og forsvarleg pedagogisk tilbod i kvar avdeling/gruppe/klasse. Nå og i framtid.
- Å sikre rett og nok kompetanse til alle barn og unge, i alle eininger.
- Å bruke personalet sin kompetanse og erfaring på ein god måte. I dette ligg det også å vurdere kva yrkesgruppe som kan og bør gjere kva.
- Lærarsamarbeid og tverrfagleg samarbeid (BTI)
- God pedagogisk kapasitet og -kompetanse til å kunne møte alle barn og unge sine ulike behov og interesser.
- God leiarkapasitet og -kompetanse til drift og utvikling i alle eininger.
- Nok og passande pedagogisk materiell og utstyr.

Kva ønskjer de skal kjenneteikna tilbodet i barnehagen/skulen på området ressursutnytting?

Framtidsbilete kompetanse

Slik definerer prosjektmandatet kompetanse:

- Tilsette med individuell kompetanse som innfrir nasjonale lovkrav til pedagogar og lærarar.
- Tilsette med spesialpedagogisk kompetanse.
- Leiarkompetanse.
- Tverrfagleg kompetanse i laget rundt barnet (BTI).
- Kompetanse hos tilsette i SFO
- Robuste og profesjonelle læringsfellesskap for tilsette i barnehage, skule og SFO.
- Tilsette med kompetanse innan digitalisering og utdanningsteknologi

Kva ønskjer de skal kjenneteikna barnehagen/skulen på området kompetanse?

Framtidsbilete læringsmiljø

Slik definerer prosjektmandatet læringsmiljø

- Læringsmiljøet skal vere helsefremjande, trygt og godt for alle. For barna i skulen inneber dette også skulevegen.
- I eit trygt læringsmiljø føler alle seg fysisk og psykisk trygge. Eit helsefremjande fysisk miljø, og eit helsefremjande psykososialt miljø med fråvere av mobbing, trakkassering eller diskriminering.
- Fråvære av diskriminering inneber universell utforming av bygg og anlegg som inkluderer alle, ute og inne. I kva grad bygg og anlegg er designa for mangfald, og korleis dei er lagt til rette for praktisk og variert læring som passar alle, betyr noko for eit inkluderande læringsmiljø.
- Vidare betyr det noko for barn og unge sitt tilbod i barnehage, skule og SFO at dei tilsette har fysiske arbeidsplassar (etter lovkrav) som gir gode forhold for å gjere jobben sin på arbeidsplassen, både individuelt og saman med kollegaer.
- Eit godt læringsmiljø gir alle, barn og tilsette, positive kjensler, engasjement for aktivitet/oppgåver, gode relasjonar, motivasjon og meistring/målloppnåing.

Kva ønskjer de skal kjenneteikna tilbodet i barnehagen/skulen på området læringsmiljø?

Framtidsbilete utvikling

Slik definerer prosjektmandatet utvikling

- Barnehagane, skulane og SFO blir drive i samsvar med lovkrav i lov om barnehagar og lov om grunnskulen.
- Satsing og fokus på kvaliteten i det pedagogiske arbeidet i barnehagar, skular og SFO.

Kva ønskjer de skal kjenneteikna tilbodet i barnehagen/skulen på området utvikling?

